



ÅRSBUDSJETT 2025 OG HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2025-2028

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	035/24	12.11.2024
Senior- og Brukarrådet	053/24	18.11.2024
Ungdomsrådet	044/24	19.11.2024
Administrasjonsutvalet	019/24	19.11.2024
Utval for levekår	062/24	20.11.2024
Utval for lokal utvikling	101/24	21.11.2024
Time formannskap	082/24	26.11.2024
Time kommunestyre	095/24	10.12.2024

Framlegg til vedtak:

- Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028.*
- Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2025.*
- Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
- Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

Time kommune	31.12.2024	Nye	Redusert	31.12.2025
Oppvekst	656,1		2,9	653,2
Helse og velferd	459,0	17,2	6,9	469,3
Samfunn	154,7			154,7
Stabstenester	56,9	1,0		57,9
Årsverk i alt	1 326,6	18,2	9,8	1 335,0

- Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av delkapittel «Prisliste», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtårnsertifiserings- og seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, og dessutan frikjøpsordning for manglande felles uteopphaldsareal i Time kommune 2025.*

- a) Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på inntil 74 187 000 kroner i 2025. Avdragstida vert sett til 30 år. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna låneinstitusjon, lånevilkår og avdragstid.
- b) Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 40 millionar kroner for 2025. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
6. a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2025 vert sett av til disposisjonsfond.
- b) Amortisert premieavvik for 2024 vert utgiftsført i 2025 og dekt av disposisjonsfondet.
7. I samsvar med eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert følgande vedtak fatta om eigedomsskatt for skatteåret 2025:
- a) Utskrivingsalternativ: Skatt vert skriven ut på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jamfør § 3 bokstav c.
- b) Skattesats: Eigedomsskatten vert sett til fem promille for 2025, jamfør §§ 11 og 13 første ledd.
- c) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar, jamfør § 25.
8. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettera integreringsmidlar for mottak av flyktingar gjennom 2025 til å finansiera tenester og auka utgifter for flyktingane.
9. Kommunestyret ber kommunedirektøren greia ut potensialet som ligg i eigedomsskatt, moglege innretningar av skatten og kva tidsperspektiv ein må leggja til grunn for ei innføring med tanke på gjennomføring av taksering og lovpålagde prosessar i eigedomsskattelova. Kostnader vert dekkja av disposisjonsfondet.

Arbeidsmiljøutvalet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

AMU-035/24 Vedtak:

Årsbudsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025 - 2028 vert tatt til orientering.

Senior- og Brukarrådet

Forslag frå **Sissel Løchen (FUN)**:

Sivdammen helsebasseng er stengt, noe som får store konsekvenser for de med underliggende sykdommer som bruker bassenget til forebyggende tiltak. Stenging medfører forringelse av livskvaliteten og kan føre til behov for tjenester. Senior- og brukarrådet ber om at reparasjon blir prioritert.

Reduksjon av støtte til frivillige lag og organisasjoner årlig, vil kunne få konsekvenser for deres muligheter for gode tiltak som kommunen er blitt avhengig av.

Forslaget frå Sissel Løchen vart samrøystes vedtatt.

SBR-053/24 Vedtak:

Sivdammen helsebasseng er stengt, noe som får store konsekvenser for de med underliggende sykdommer som bruker bassenget til forebyggende tiltak. Stenging medfører forringelse av livskvaliteten og kan føre til behov for tjenester. Senior- og brukerrådet ber om at reparasjon blir prioritert.

Reduksjon av støtte til frivillige lag og organisasjoner årlig, vil kunne få konsekvenser for deres muligheter for gode tiltak som kommunen er blitt avhengig av.

Administrasjonsutvalet

Forslag frå ordførar **Andreas Vollsund (H)**

Årsbudsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025 - 2028 tas til orientering.

ADU-019/24 Vedtak:

Årsbudsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025 - 2028 tas til orientering.

Ungdomsrådet

Innspel frå Ungdomsrådet:

- Barn og unge og psykisk helse må vernast så godt det lar seg gjera.
(Helsestasjon, familiesenter og helsesjukepleiar på skulen)

UNG-044/24 Vedtak:

- Barn og unge og psykisk helse må vernast så godt det lar seg gjera.
(Helsestasjon, familiesenter og helsesjukepleiar på skulen)

Utval for levekår

Forslag frå **Bjørghild Underhaug (KrF)** Årsbudsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028 vert tatt til orientering.

Forslaget frå Bjørghild Underhaug vert samrøystes vedtatt.

ULE-062/24 Vedtak:

Årsbudsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028 vert tatt til orientering.

Utval for lokal utvikling

Forslag frå **Kjell Olav Stangeland (Ap)**

Årsbudsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028 vert tatt til orientering.

Forslaget frå Kjell Olav Stangeland vart samrøystes vedtatt.

ULK-101/24 Vedtak:

Årsbudsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028 vert tatt til orientering.

Time formannskap

Fellesforslag frå FrP, KrF, V, Sp, Inp og H v/**Ole Jørgen Alstadsæter (H)**

Nytt punkt 1: Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028, inkludert endringer i kommunedirektørens tilleggsinnstilling datert 06.11.2024.

Nytt punkt 5 a): Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån til finansiering av investeringar på inntil 65 187 000 kroner i 2025. Avdragstida vert sett til 30 år. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna låneinstitusjon, lånevilkår og avdragstid.

Punkt 9 utgår.

Fellesforslag frå SV og Ap v/Karen Hognestad Liland (Ap)

Me vil jobbe for å få inn symjebasseng så fort det let seg gjere økonomisk. Kultur er lovpålagt området som kommunen har ansvar for. Me vil få på plass ein ny kultursjef og sikre kulturfeltet forsvarlege rammevilkår i åra som som kjem.

Endring investeringsbudsjettet	2025	2026	2027	2028
Oppvekst				
ATO avdeling	20 000	-4 000	-16 000	0
Helse og velferd				
Kverneland omsorgssenter, utbygging	-10 000	10 000	0	0
Sum endring investeringer	10 000	6 000	-16 000	0
Mva-kompensasjon	-2 000	-1 200	3 200	0
Endring låneopptak	-8 357	-475	17 826	5 938
Overføring fra drift	357	-4 325	-5 026	-5 938
Sum finansiering	-10 000	-6 000	16 000	0
Sum	0	0	0	0
Endring driftsbudsjettet	2025	2026	2027	2028
Oppvekst				
Redusert omstilling		11 000	11 000	11 000
Helse og velferd				
Redusert omstilling		11 000	11 000	11 000
Samfunn				
Redusert omstilling		3 000	3 000	3 000
Kremasjoner	-200	-200	-200	-200
Støtte til frivillige lag og organisasjoner	100	100	100	100
Eigedom vedlikehald	100	100	100	100
Rammetilskot				
Eigedomsskatt		-30 000	-30 000	-30 000
Renter, endret låneopptak	217	389	-23	-539
Endring avdragsbetalinger	139	286	-3	-399
Økt overføring til investeringer	-357	4 325	5 026	5 938
Sum	0	0	0	0
Låneopptak	2025	2026	2027	2028

Kommunedirektørens forslag				
Ordinære lån (investeringer)	-65 187	-103 604	-43 973	-155 987
Endring låneopptak - forslag SV, AP:	-8 357	-475	17 826	5 938
Nytt låneopptak til investeringar per år	-73 544	-104 079	-26 147	-150 049

Avrøysting:

Fellesforslaget frå Ole Jørgen Alstadsæter vart vedtatt med 7 røyster medan 2 røysta for fellesforslaget frå Karen Hognestad Liland (Ap, SV).

FSK-082/24 Framlegg:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028, inkludert endringer i kommunedirektøren sin tilleggsinnstilling datert 06.11.2024.*
2. *Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2025.*
3. *Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
4. *Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

Time kommune	31.12.2024	Nye	Redusert	31.12.2025
Oppvekst	656,1		2,9	653,2
Helse og velferd	459,0	17,2	6,9	469,3
Samfunn	154,7			154,7
Stabstener	56,9	1,0		57,9
Årsverk i alt	1 326,6	18,2	9,8	1 335,0

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av delkapittel «Prisliste», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrårnsertifiserings- og seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, og dessutan frikjøpsordning for manglande felles uteopphaldsareal i Time kommune 2025.*

a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån til finansiering av investeringar på inntil 65 187 000 kroner i 2025. Avdragstida vert sett til 30 år. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna låneinstitusjon, lånevilkår og avdragstid.*

b) *Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 40 millionar kroner for 2025. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*

6. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2025 vert sett av til disposisjonsfond.*

b) *Amortisert premieavvik for 2024 vert utgiftsført i 2025 og dekt*

av disposisjonsfondet.

7. I samsvar med eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert følgande vedtak fatta om eigedomsskatt for skatteåret 2025:

a) Utskrivingsalternativ: Skatt vert skriven ut på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jamfør § 3 bokstav c.

b) Skattesats: Eigedomsskatten vert sett til fem promille for 2025, jamfør §§ 11 og 13 første ledd.

c) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar, jamfør § 25.

8. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettera integreringsmidlar for mottak av flyktingar gjennom 2025 til å finansiera tenester og auka utgifter for flyktingane.

Time kommunestyre

Fellesforslag frå H, Sp, FrP, KrF, V, INP v/Ole Jørgen Alstadsæter (H)

9. Kommunestyret er positiv til utvikling av private konsept med mindre leilegheiter for seniorar. Dersom aktørar tar kontakt med kommunen om slike prosjekt, ber kommunestyret kommunedirektøren om å oppretta dialog og bidra til eventuelle vidare prosessar.

10. Kommunestyret er positiv til framvekst av private og ideelle kulturaktørar, og ber kommunedirektøren oppretthalda og vidareutvikla samarbeidet med desse.

11. Kommunestyret meiner det er viktig for ein kommune som Time å ha ein kultursjef. Samstundes er den økonomiske situasjonen i kommunen av ein slik karakter at det vil vera krevjande å skulle lyse ut stillinga. Kommunedirektøren blir derfor bedt om å vurdere andre moglegheiter for å besette rolla som kultursjef innanfor eksisterande ressursar.

12. Om økonomien bedrer seg og vi får ett økonomisk handlingsrom så vil vi foreslå at det blir jobbet for å fremskynde byggingen av svømmehall på Bryne. Det er ønskelig for kommunestyret med oppstart av prosjektet i år 2029 med ferdigstilling i år 2030.

13. Kommunestyret ber om at ein ved all utbygging av kommunale bygg framover har ei nøktern tilnærming. Denne tilnærminga skal vera godt synleg i kravspesifikasjoner. Kommunestyret ber også om at ein i så stor grad som mogleg åpner for konkurranse på kreative løysingar som bidreg til å halde kostnadane nede. I enkelte bygg vil det inkludere fleksibilitet ift. bruk av hjelpemidler på enkeltrom. Dette då behovet for hjelpemidler vil variere mellom brukerne og ut frå den enkelte sitt sjukdomsforløp.

14. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram orientering om den økonomiske utviklinga til kvart kommunestyremøte.

15. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram analyse over investerings og driftskostnader på alle investeringar over 7 mill kr.

Fellesforslag frå SV og Ap v/Karen Hognestad Liland (AP) Endring i tillegg til budsjett- og økonomiplan som er innstilt etter tabellen.

Endring investeringsbudsjettet	2025	2026	2027	2028
Oppvekst				

ATO avdeling	20 000	-4 000	-16 000	0
Helse og velferd				
Kverneland omsorgssenter, utbygging	-10 000	10 000	0	0
Sum endring investeringer	10 000	6 000	-16 000	0
Mva-kompensasjon	-2 000	-1 200	3 200	0
Endring låneopptak	-8 357	-475	17 826	5 938
Overføring fra drift	357	-4 325	-5 026	-5 938
Sum finansiering	-10 000	-6 000	16 000	0
Sum	0	0	0	0
Endring driftsbudsjettet	2025	2026	2027	2028
Oppvekst				
Redusert omstilling		11 000	11 000	11 000
Helse og velferd				
Redusert omstilling		11 000	11 000	11 000
Samfunn				
Redusert omstilling		3 000	3 000	3 000
Kremasjoner	-200	-200	-200	-200
Støtte til frivillige lag og organisasjoner	100	100	100	100
Eigedom vedlikehald	100	100	100	100
Rammetilskot				
Eigedomsskatt		-30 000	-30 000	-30 000
Renter, endret låneopptak	217	389	-23	-539
Endring avdragsbetalinger	139	286	-3	-399
Økt overføring til investeringer	-357	4 325	5 026	5 938
Sum	0	0	0	0
Låneopptak	2025	2026	2027	2028
Kommunedirektørens forslag				
Ordinære lån (investeringer)	-65 187	-103 604	-43 973	-155 987
Endring låneopptak - forslag SV, AP:	-8 357	-475	17 826	5 938
Nytt låneopptak til investeringar per år	-73 544	-104 079	-26 147	-150 049

Verbalforslag:

Kommunestyret ber kommunedirektøren greia ut potensialet som ligg i eigedomsskatt, moglege innrettingar av skatten og kva tidsperspektiv ein må leggja til grunn for ei innføring med tanke på gjennomføring av taksering og lovpålagde prosessar i eigedomsskattelova. Kostnader vert dekkja av disposisjonsfondet

Me vil jobbe for å få inn symjebasseng så fort det let seg gjere økonomisk

Kultur er lovpålagt området som kommunen har ansvar for. Me vil få på plass ein ny kultursjef og sikre kulturfeltet forsvarlege rammevilkår i åra som som kjem.

Framlegget frå FSK med tilleggforslaget frå Ole Jørgen Alstadsæter vart vedtatt med 22 røyster medan 5 røysta for Karen Hognestad Liland sitt forslag (3 Ap, 2 SV).

KS-095/24 Vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028, inkludert endringer i kommunedirektøren sin tilleggsinnstilling datert 06.11.2024.*
2. *Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2025.*
3. *Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
4. *Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

Time kommune	31.12.2024	Nye	Redusert	31.12.2025
Oppvekst	656,1		2,9	653,2
Helse og velferd	459,0	17,2	6,9	469,3
Samfunn	154,7			154,7
Stabstener	56,9	1,0		57,9
Årsverk i alt	1 326,6	18,2	9,8	1 335,0

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av delkapittel «Prisliste», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtårnsertifiserings- og seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, og dessutan frikjøpsordning for manglande felles uteoppfallsareal i Time kommune 2025.*

a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån til finansiering av investeringar på inntil 65 187 000 kroner i 2025. Avdragstida vert sett til 30 år. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna låneinstitusjon, lånevilkår og avdragstid.*

b) *Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 40 millionar kroner for 2025. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*

6. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2025 vert sett av til disposisjonsfond.*

b) *Amortisert premieavvik for 2024 vert utgiftsført i 2025 og dekt av disposisjonsfondet.*

7. *I samsvar med eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert følgande vedtak fatta om eigedomsskatt for skatteåret 2025:*

a) *Utskrivingsalternativ: Skatt vert skriven ut på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jamfør § 3*

bokstav c.

b) Skattesats: Eigedomsskatten vert sett til fem promille for 2025, jamfør §§ 11 og 13 første ledd.

c) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar, jamfør § 25.

- 8. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettera integreringsmidlar for mottak av flyktingar gjennom 2025 til å finansiera tenester og auka utgifter for flyktingane.*
- 9. Kommunestyret er positiv til utvikling av private konsept med mindre leilegheiter for seniorar. Dersom aktørar tar kontakt med kommunen om slike prosjekt, ber kommunestyret kommunedirektøren om å oppretta dialog og bidra til eventuelle vidare prosessar.*
- 10. Kommunestyret er positiv til framvekst av private og ideelle kulturaktørar, og ber kommunedirektøren oppretthalda og vidareutvikla samarbeidet med desse.*
- 11. Kommunestyret meiner det er viktig for ein kommune som Time å ha ein kultursjef. Samstundes er den økonomiske situasjonen i kommunen av ein slik karakter at det vil vera krevjande å skulle lyse ut stillinga. Kommunedirektøren blir derfor bedt om å vurdere andre moglegheiter for å besette rolla som kultursjef innanfor eksisterande ressursar.*
- 12. Om økonomien bedrer seg og vi får ett økonomisk handlingsrom så vil vi foreslå at det blir jobbet for å fremskynde byggingen av svømmehall på Bryne. Det er ønskelig for kommunestyret med oppstart av prosjektet i år 2029 med ferdigstilling i år 2030.*
- 13. Kommunestyret ber om at ein ved all utbygging av kommunale bygg framover har ei nøktern tilnærming. Denne tilnærminga skal vera godt synleg i kravspesifikasjonar. Kommunestyret ber også om at ein i så stor grad som mogleg åpner for konkurranse på kreative løysingar som bidreg til å halde kostnadane nede. I enkelte bygg vil det inkludere fleksibilitet ift. bruk av hjelpemidler på enkeltrom. Dette då behovet for hjelpemidler vil variere mellom brukerne og ut frå den enkelte sitt sjukdomsforløp.*
- 14. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram orientering om den økonomiske utviklinga til kvart kommunestyremøte.*
- 15. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram analyse over investerings og driftskostnader på alle investeringar over 7 mill kr.*

ÅRSBUDSJETT 2025 OG HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2025-2028

Saka gjeld

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til årsbudsjett for 2025 og handlings- og økonomiplan for perioden 2025-2028. Forslaget er elektronisk publisert, og tilgjengeleg via kommunen si nettsida eller ved å trykka [HER](#).

Inntekts- og utgiftsrammene fastsett i årsbudsjettet for 2025 er bindande for ressursbruken i kommunen. Rammene i økonomiplanperioden er rettleiande for den komande planlegginga.

Det er formannskapet som innstiller saka til kommunestyret. Dei andre organa kan koma med ei uttale til saka.

Saksopplysningar

Kommunen skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid, og handlings- og økonomiplanen er det viktigaste økonomistyringsverktøyet dei folkevalde har. I teksten til dei ulike tenesteområda er det definerte mål og oppdrag som kommunedirektøren skal følgja opp og rapportera på i årsrapporten.

Handlings- og økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2022-2034, og viser korleis kommunen vil følgja opp satsingsområda i dei kommande fire åra.

Kommunelova § 11-9 tredje ledd gir følgjande føresegn om kommunestyret si behandling av årsbudsjett og økonomiplan:

Når økonomiplanen eller årsbudsjettet skal behandles i kommunestyret eller i fylkestinget, skal medlemmene ved den endelige avstemningen stemme over forslaget til økonomiplan eller årsbudsjett som helhet. Hvis det er fremmet flere alternative forslag, og ingen av disse får flertall ved første gangs avstemning, skal det deretter stemmes over bare de to forslagene som fikk flest stemmer ved første gangs avstemning.

Som vedlegg følgjer vedtaket i kontrollutvalet som gjeld budsjett for kontroll og tilsyn 2025 og innspel til økonomiplanen frå Time kyrkjelege fellesråd.

Time idrettsråd og Time musikkråd har fått økonomiplanen til uttale etter offentleggjering, og deira uttale vil verta lagt inn som vedlegg når desse føreligg.

Spørsmål som dei ulike partigruppene har stilt til handlings- og økonomiplanen blir vedlagt når svar frå kommunedirektøren føreligg.

Kommunedirektøren vonar at handlings- og økonomiplan 2025-2028 vil gje eit godt grunnlag for politiske prioriteringar og retningsval.

Kommunedirektøren i Time, den 04.11.2024

Trygve Apeland

Vedlegg:

Kontrollutvalet - saksframlegg budsjett for kontrollutvalet 2025

Kontrollutvalet - saksprotokoll budsjett for kontrollutvalet 2025

Kontrollutvalet - budsjettforslaget for 2025

Time kyrkjelege fellesråd - brev om innspel til handlings- og økonomiplan 2025-2028

Time kyrkjelege fellesråd - innspel til handlings- og økonomiplan 2025-2028

Økonomiplan 2025-2028 - Uttalelse fra Time Idrettsråd

Inspill til økonomiplan 2025-2028 frå Time musikkråd

Felles innspill til økonomiplanen 2025 - Time musikkråd og Time historielag

Handlings- og økonomiplan 2025-2028 - tilleggsinnstilling

Svar på spørsmål knytt til økonomiplan 2025 - 2028

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur